

Små skular – stor verdi

I ei tid der sentralisering og effektivisering dominerer, er det viktig å hugse at små skular i distrikta også har ein stor verdi. Både for lokalsamfunnet, men også for fylket i sin heilheit. Desse skulane fungerer som nav i lokalsamfunna, og avdelinga i Lom er eit godt døme på ein institusjon som tek vare på både dei faglege og sosiale behov for ungdommane i distriktet.

Stabilt elevgrunnlag og høg kvalitet

Elevgrunnlaget som soknar til Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avdeling Lom har vore stabilt over tid (og også framover i tid), noko som vitnar om ei sterk lokal forankring. Skulen har høg gjennomføringsgrad, gode karakterar og ein trivsel blant elevane som er i tråd med, om ikkje betre enn, det fylkeskommunen ønskjer å oppnå i sine vidaregåande skular. Dette viser at avdelinga i Lom allereie leverer på dei måla som fylkeskommunen har sett seg, både når det gjeld kvalitet i opplæringa og det sosiale miljøet.

Ingen grunn til nedlegging

Etter mi vurdering finst det ikkje ein einaste god grunn til å leggje ned den vidaregåande skule-avdelinga i Lom. Saksgrunnlaget som er lagt fram, gir ingen overtydande argument for nedlegging. Skulen spelar ei viktig rolle i å oppretthalde eit livskraftig lokalsamfunn, sikre utdanningsmog-
leheiter i nærmiljøet, og unngå fråfall i vidaregåande opplæring. Ei nedlegging vil vere eit alvorleg feilgrep utan fagleg, økonomisk eller sosialt forsvarleg grunnlag.

Mi oppmoding til fylkeskommunen

Digital undervisning og hybridundervisning kan styrke tilbodet i Lom utan at elevane treng å flytte eller pendle lange avstandar. Kanskje kan lærar reise mellom skulestader ein dag eller to i veka, i staden for å sende klassevis med elevar på bussen kvar dag? Slike løysingar kan sikre både fagleg kvalitet og sosial tilhørsle.

Eg vil sterkt oppmode fylkeskommunen til å vurdere alle dei tunge argumenta mot ei nedlegging som har kome i denne høyringsperioden, og heller fokusere på korleis ny teknologi og tilpassa undervisningsformer kan styrke utdanningstilbodet i distrikta.

Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avdeling Lom leverer allereie på dei områda fylkeskommunen ønskjer, og det er ikkje berre mogleg, men også nødvendig, å finne løysingar som sikrar at dei små skulane kan halde fram med å gje ungdommane i distrikta den utdanninga dei fortener.

Liten?

Jeg?

Langt ifra.

Jeg er akkurat stor nok.

Fyller meg selv helt
på langs og på tvers
fra øverst til nederst.

Er du større enn deg selv kanskje?

- Mauren, av Inger Hagerup